


22. Svar på spørsmål grendamøte Ropeidhalvøyna – 40 svar

1. I kor stor grad fremjar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

[Flere detaljer](#)

- i svært liten grad 1
- i liten grad 9
- i stor grad 19
- i svært stor grad 11



2. På kva måte fremjar/hemmar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

Alle får gå på skule i mer miljøet

Gode lærarar og andre vaksne i læringsmiljøet er uavhengig av storleik på eininga.

Elevar frå småskulane er ikkje budd like godt som andre når dei kjem til felles ungdomsskule. Dette gjeld både sosialt og fagleg. Nå er lærardekninga god, men før kunne ein klasse gjerne bytta lærar fleire gonger i året. Fådeling er heller ikkje så godt for å utfordra alle elevane fagleg.

Eg meiner me skulle hatt eit litt større miljø for borna etter barnehagen.

Alle har ein skule i nærmiljøet sitt.

Ikke for lang reisevei

Like godt tilbud på liten skule som stor

Borna får gå på skule i «si bygd» som fremjar dagens struktur. Men klassane blir for små i nokre tilfeller som hemmar dagens struktur.

Avstander til skulen

Skule i nærmiljøet

Skole og barnehage i grendene, likt for alle

Alle får ein så kort skuleveg som mogleg. Dei får muligkeit til å gå på sin nærskule i heimgrenda si. Trygge, kjende og flinke vaksne. Tryggheit fremmar læring.

Fremmar nærliek til lokalområdet, samt at borna bruker minst mogleg av tida dei har på reiseveg

Å bli sett

At ein får gå på skule i nærmiljøet gjer at ein også får tid til fritidsaktiviteter etter skuletid, i staden for å bruke fleire timer pr dag i transport, noko som ein no har erfaring med iht felles ungdomsskole på Sand. Å få gå på skule i nærmiljøet fremmer også god sosial kompetanse.

skule i nærmiljø, trygt, tilhørsle, bruke nærmiljø aktivt i skule/barnehage, voksne som trivst med å jobba på små skular i små grupper, praktisk og aktiv undervisning. Må ha kvalifiserte lærarar på alle skular (meir enn 60% dekning).

Alle får eit tilbud i nærmiljøet

Dagens struktur fremmer likeverdig tilbud ved at alle får gå på sin nærskule, med lærerar som ønskjer å være akkurat der

Lite elevar på dei minste skulane,

På de små skolene er det et lite læringsmiljø, og få elever å spille på. Barna har et trygt og godt miljø på disse skolene, men det er sårbart for de som ikke passer inn og for de som ikke har nære venner.

Små forhold, lite læringsmiljø.

For små forhold. Vansklig å rekruttera kvalifiserte pedagoger med riktig kompetanse.

At alt fokus er på Sand, å ikkje i små grendene.

All fokus er på Sand sine skuler, gløymer at folk vil bu i grendene. Å ha skule i nærheten.

Synes det er ok, slik det er.

Må vere skule og barnehage i kvar grend

Det er bra

.

Barna får gå på skule i nærheten, med vaksne og barn dei kjenner, som gir trygghet

.

Tilbod til barn og unge blir gradvis sentralisert.

Enkelte skular kan bli i minste laget, men avstandane er for store til at dei bør bli slått saman.

Kort reiseveg å godt system på bh og skule

Det er kvaliteten på pedagogikken og nærliek til skulen som avgjer dette. Større skular (med lengre reiseveg) gjev ikkje automatisk eit betre kvalitativt tilbod.

Det gir tilbod i alle grender

har forståing av at alle må til Sand!!det er ikkje løysninga.alle bygder treng et godt tilbod!

3.Fordelar med dagens struktur i barnehage og skule?

Barnehage i ner miljøet

Sterk grendelagstilhøyring. Men på halvøya burde det vore eit oppvekstsenter på Kjølvikstølen, ikkje lokalisert til Marvik.

Ligg lokalt, små og trygge forhold. God dekning på kompetanse.

Trygt og borna blir sitt.

Barnehage/skule i alle grendene som gir tilhørighet, både for ungar og foreldre. Har hatt ungar på ungdomskolen på Sand i mange år, men verken ungene eller foreldre følte tilhørighet til skulen.

Nærhet til bygda og små forhold

Nærhet, levende grender

Borna får ha kvardagen nær sin heimplass. Trygghet med små miljø/små klassar.

.

.

Bra

.

Akseptabel reiseveg og tilhørighet

Kort reisevei for de fleste. Dette gir bosetting og bolydt i hele kommunen.

Korte avstandar. Lettare å rekruttera heimflytterar og tilflytterar. Trygt og godt miljø med kjente fjes kvar dag. Større sjangs for at ungane blir sett, ikkje overfylte klasserom og avdelingar.

Levande bygder med gardsdrift, eit bygdesamfunn me som bur i grender vil ha. Om me ynskja store lokalsamfunn (td Sand) så hadde me jo flytta der til. Me som bur på bygda vil ikkje bu i byggefelt, men nærliek til skule/barnehage er ein veldig stor betingelse for nettopp dette.

Små klasser, så en blir sett

Nært og trygt. Stor vaksentettleik, god oppfølging.

Skule i nærmiljøet, «korte» avstandar, trygge miljø, tilhøyrslle,

Små enheter der dei voksne har kontroll og ser enkeltpersonane.

At det er nærskule/bhg, kort reise veg og forutsigbarhet til grenda og lokalsamfunn

Dei fleste har skule og barnehagen i nærliek med akseptabel reiseveg. Trygge og oversiktlege skular/ barnehagar.

Trygt miljø på de små skolene og barnehagene. Relativt korte avstandar fra hjem til skole/bhg. Lærerne/ de ansatte har god tid til elevene og ser hver enkelt.

Korte avstandar fra hjem til skole. Trygt miljø.

Korte avstandar frå heim til skule/bhg.

Barnehage og skule i alle grender

Skulen er der du bur i grendene. Ikkje lang reisevei.

Skule og barnehage i kvar grend, gjere alle grender like attraktive å bu i.

Trygge og stavile forhold

Ikkje så lang vei

Trygt og kjent elevmiljø, levande bygder, lettare å bli sett. Kortare reiseveg

Barna får gå på skule i nærheten, med vaksne og barn dei kjenner, som gir trygghet

Kvar enkelt born vert sett og høyrkt Kort reiseveg til skule og barnehage

Korte avstander til skule og barnehage. Avgjerande for å behalde unge familier.

Borna får vera i nærmiljøet sitt. For mange er avstand frå heimen til nærskulen/ barnehagen meir enn stor nok i dag.

Kort reiseveg flinke personale og ungene føler seg trygge

Fordelen er å ha barnehage tettare på barnefamiliane. Ein får ikkje varig og berekraftig butsetjing i distrikta utan nærliek til barnehagar (og -skular).

Kortere vei til skule og barnehage

korte avstandar til ting utenom skule

4.Ulemper med dagens struktur i barnehage og skule?

Ingen

På ropeidhalvøya har det i fleire tiår, heilt sidan 60-talet, vore eit stort fleirtal av innbyggjarar(dei utføre Marvik) som har ønska ei samlande lokalisering på Kjølvikstølen, midt på halvøya.

Små sosiale og faglege forhold. Gammal bygningsmasse og dårlig funksjonalitet.

Lite miljø for dei når dei kjem på skulen.

Stadig mas om korleis den skal organiserast. Grendene/ytterpunktia i kommunen må stadig kjempe for å overleve noko som gir uforutsigbarhet

Små forhold

Ser ikkje ulemper

Vanskeleg å velge venner. Lett å falle utanom.

For ofte, for lite personell i Kjølvikstølenbarnehage.

.

Lange avstander

.

Sårbart, me bør ha oppvekstsenter på Kjølvikstølen

Små enheter. Vansklig å få kvalifisert kompetanse.

Det blir meir jobb å gjera for dei i administasjonen.

Ser ingen større ulemper med slik det er idag. Forstår at ein må ha ei nedre grense for antal elevar, men i dei fleste bygdene er det nok elevar, det er kompetanse som oftast manglar. Slik er det jo ikkje bare i små bygder, det gjeld også i byar. Meiner derfor ein må sjå på fleire verkemidler for å få ressursar til bygdeskule/barnehage. Tenkjer då på godtgjersle for kjøring, billige bueiningar, betaling av stuielån mot bindingstid osv. Det er mange tiltak ein kan sette inn utan at det går direkte på lønn

Kvalifiserte lærere

Ulempen er at kommunen stadig truer med nedlegging/strukturendring

Vansklig å skaffa kvalifiserte lærarar, forutsigbarhet.

Burde vært oppvekstsenter på Kjølvikstølen

Ønskjer oppvekstsenter for eit mer solid drift

Vansklig å skaffa kvalifiserte ansatte. Små og sårbare miljø,

Vansklig å rekruttere kvalifiserte lærere og pedagoger. Sårbart for elever/barn som ikke finner sin plass.

Sårbart for elever som ikke finner sin plass.

Sårbart for dei som ikkje finn sin plass

Att ledelsen heila tiå seie at me må legge ner, å lærerne blir usikre om der er jobb neste år.

Att me må kjempe om skulen I grenda heila tiå.

Det kan bli vanskelig å få tilsette med rett utdanning, når einingane blir for små.

Veldig langt for nokre å levere i barnehagen

Ingen kometar

Underkvalifiserte lærarar

Litt vanskeligere å finne venner «å klikke saman med»

For få lærerar og vanskelig å få vikar

Små miljø.

Små miljø kan vera både ein ulempe og ein fordel.

Ingen

-


Fagmiljøet blir lite, og utfordringer å få tak i pedagoger

kanskje for små klassar

5. Dersom det ikkje var ein einaste barnehage i kommunen i dag, og ein skulle plassere barnehagar heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange barnehagar skulle ein ha?

[Flere detaljer](#)

● 0-2	0
● 2-3	0
● 3-4	2
● 4-5,	2
● som i dag	36



6. Kvifor?

Pga barnehage i bygda. Barnehage vei

Dette handlar i stor grad om avstand og tid på dagen som små barn blir sitjande i transportmiddel. Dessutan er det jo foreldre som leverer og hentar i bhg, og det kan bli svært tungvint for familieilogistikk om dei må køyra tur/retur i fleire mil før dei kan reisa til eigen arbeidsplass

Det er grenser for kor få ungar ein kan ha, slik at Vanvik og Nesflaten blir for smått.

Barn treng trygg start på livet med ein mindre barnehage.

Fordi kvar grend bør ha 1 barnehage.

Viktig for de minste å ikke måtte reise så langt. Og logistikken for de voksne som skal levere/hente.

Foreldre må ha kort veg

Fordi me bur i ein vid kommune, og avstandane blir fort store for små born.

Skulle det vere færre barnehager enn det er i dag hadde det blitt svært problematisk mtp henting/levering i bhg i forhold til arbeid. Då det med stor sannsynlighet hadde blir betydelig mykje lengre reise tid til å frå barnehagen.

.

Viktig at barna føler seg trygge i nærmiljøet

Treng minst ein barnehage i kvar grend. Eg tenker at det blir alt for langt å kjøra viss ein skulle ha barnet i barnehagen i ein annan grend. Viss det ikkje er barnehage i kvar grend blir det mindre attraktivt å bu i grendene som går utover heile kommunen. Dei alle fleste og blant anna meg sjølv tenker at det er mindre attraktivt og bu i grenda viss det ikkje er barnehage og skule der, og då kan eg like så godt flytta til ein annen kommune enn å bu i ein annan grend i Suldal Kommune.

Samfunnet i dag legg opp til full jobb, og ein er difor avhengig av barnehage i grendene for å få livet til å gå opp.

Reisevei og bosetting i hele kommunem

Skal det bu folk i heile kommunen, må det vere eit tilbod i heile kommunen. Nedlegging fremmar ikkje folkevekst.

Gode opplevingar på skule og barnehage er ein av dei største grunnane til at folk flyttar tilbake. Det er ikkje automatikk i at elevane får det bra om skular og barnehagar blir samlokaliserte. Suldal er i ei særstilling når det gjeld økonomi, bruk dette på gode tiltak i alle grender, slik at ein unngår lønnsjag imellom nabokommunar.

For det er viktig å bevare bygdene

6-7 barnehagar er ikkje mykje i ein kommune på 1.700 km2.

Må ha barnehage i alle grender, er ikkje levelig å bu ein plass der ein må køyre i lange avstandar for å levere og hente i barnehage. Men ein forutsetning er at det er barn i grenda.

På grunn av avstandar. Kan ikkje reise ein time kvar veg for å levere og hente i barnehage.

For om det ikkje var bhg i grendene hadde det vore uløyselig for dei som jobber i grendene og ikkje på Sand

Dei minste ungane bør ha ein barnehagen i nærheten av heimen sin. Blir mykje tid på ungar/ foreldre om dei må kjørast til andre grender 2 ganger til dagen.

De minste barna bør ha en bhg i nærheten av hjemmet sitt. Det blir for store avstander å sende små barn i buss/taxi. Kanskje jobber ikke foreldrene på de «store» plassene der bhg blir plassert heller.

Små barn bør ha bhg i nærheten av bustaden.

Små barn ble ha barnehage i nærliken av bhg.

For å holde liv i alle grender.

Folk bur i alle grender, å vil ha kort avstand til barnehagen.

Framtida behov, endrar seg veldig fort ved litt til/fra flytting.

Fordi barnehagar lokalt gjev trygge barn og foreldre. Samtidig som det er viktig for å kunne rekruttere og busette nye vaksne.

Lange avstandar

Bytte av plass vil ikkje gå opp med fryktelig mange sin arbeidskvardag. + at det veldig trygt og godt med bhg slik dei er i dag; små og gode

Reiseavstand

Kvar bygd treng barnehage, det er også ein møtestad/lekeplass på fritida. Det er lange reisevegar og godt å ha barnehagen i nærheten. Det er fint med lokale arbeidsplassar.

Avgjørende for å få unge familiar til å etablere seg i bygdene

På grunn av lange avstander i ein vidstrakt kommune

Slik at de ikke bli lang reiseveg og ulpemper med levering og henting for foreldre

Så mange som mogleg, tett ved der unge ynskjer å etablere seg. Ein kan ha mindre einingar med ambulerande pedagogiske leiatar.


Fordi det er behov for d

fordi vi treng barnehage i nærmiljøet

7. Dersom det ikkje var ein einaste skule i kommunen i dag, og ein skulle plassere skular heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange skular skulle ein hatt?

[Flere detaljer](#)

● 0-2	0
● 2-3	6
● 3-4	7
● 4-5	8
● som i dag	19



8.Kvifor?

Pga skuler i bygda. Skule vei

Sand, Vinjar og Tysingvatnet som barneskular, og felles ungdomsskule på Sand

Samla sosialt og fagleg, samtidig som reisevegen kan vera gjennomførbar.

For då får borna eit litt større miljø, og ein kan bruka faglærte lærarar på dei skulane som er. Førestår ny skule for Marvik, Jelsa og Erfjord ved Tysingvatnet.

Antallet kan kanskje reduseres, men her er reisevei og kva som skaper tilhørighet til plassen ein bur på/nærmiljøet, viktige faktorer.

For å unngå for lange avstander

Sand, Vinjar, Tysingvatne

Ein barneskule på Vinjar for Sand og Suldal. Ein barneskule ved Tysing-vatnet for Erfjord, Jelsa og Marvik. Ein ungdomsskule på Sand for heile kommunen.

Eg personleg meiner ungane ikkje bør ha lengre reise veg enn dei allerede har. Og eg ser tilbake på tiden som elev i ein småskule på bygda som trygg og god.

.

Fordi skulen er viktig i bygda

Treng minst ein skule i kvar grend. Eg tenker at det blir alt for langt for barna å ta buss og det er stor sjangse for barna følar seg utrygge. Me vil jo det beste for barna i Suldal Kommune. Eg tenkar også at det er godt at barna får det samholdet med barna dei er i same grend som. Både for skuletrivselen og fritidsaktivitetar etter skuletid. + det same som eg skreiv i sist spørsmål. Mindre attraktivt å bu i ein bygd som ikkje har skule som førar til at ferre flyttar dit som går ut over resten av næringslivt i bygda og næringslivt. Dårlig reklame for ein så fin kommune og kutte ut og ned på bygdene.

Udelt skule vart for lite dessverre.

Om det er vanskelig å rekruttere lærere til dagens skolestruktur, må det sees på nye løsninger.

Skal det bu folk i heile kommunen, må det vere eit tilbod i heile kommunen. Nedlegging fremmar ikkje folkevekst Skal alle barn i kommunen ha eit likeverdig tilbod, bør ein også fokusera på trygghet ved skuleveg, og ha kortast mogleg avstand. Er det eit likeverdig tilbod at enkelte barn må bruke opptil 2 timer(og kanskje meir) kvar dag i reisetid, mens andre berre 20 min?

Sjå svar over, det gjeld både skule og barnehage. Vil uansett slå eit slag for oppvekstsenter på Kjølvikstølen, Ropeidhalvøya er ei langstrekta bygd, som gjer at samlokalisering av skule med Jelsa/Erfjord vil gi veldig store reiseavstandar for borna. Her er det også gode muligheter for bustader til ressurspersonell, slik det blei gjort i Erfjord. Ifor, når skulen var næra ved å bli nedlagt, var det gratis bolig til lærar som blei utslagsgivande, eit godt verkemiddel som kommunen kan bruke for å få tak i ressursar.

For å bevare bygdene

Som ovanfor

Er ikkje så bra fagleg og sosialt feks. 7-10 elevar på ein skule.

Avstandar

Som i dag, eller at Jelsa blei slått saman med Erfjord. Andre løysingar blir for lang reisetid for elevane

Lettare å skaffe/ halde på kvalifiserte lærarar. Større miljø for elevar og lærarar. Barneskoler på Sand, Suldalsosen og Tysingvatnet. Ny ungdomsskule på Sand.

Større læringsmiljø både for barn og voksne/lærere. Lettere å rekruttere og beholde lærere. Dersom de mindre skolene blir nedlagt, bør en ny skole plasseres et sted der ingen bygd/grend «eier» skolen. For eks bør det bygges en ny skole for Erfjord, Marvik og Jelsa ved Tysingvatnet!

Større læringsmiljø for elever og voksne. Ein ny skole ved Tysingvatnet for Marvik, Jelsa og Erfjord.

Dei små skulane bør leggjast ein plass der det ikkje er ei grend som eier skolen. Dette vil vere med på å styrke fellesskapet i kommunen og det vil ikkje bli uenigheter mellom grendene.

For å halde liv i alle grender.

Folk bur i alle grender, kort skulevei.

For å holde reise tida til skule på under 1 time.

For avstandane for ungane er for store til å ha færre skular. Over ein time i reisetid er øydeleggande for ungane over ein periode på ti år. Får mindre tid til lekser, leik og fritidsaktivitetar.

Lange avstandar

.

Rriseavstand

For å sleppe lange reisevegar Skule, barne, butikk osv i bygda skaper samhold og lokale arbeidsplassar Alle bygder er like mykje verdt

Skulen er hjertelig i bygda.

På grunn av avstand

Slik at alle ungene kan gå i sin gren

Sjå svar på nr. 6.


Synes det skal være en skule i kvar gren,

fordi vi treng skule i nørmiljøet

9. Bør ungdomskulen skiljast ut som eigen skule?

[Flere detaljer](#)


- Ja 35
- Nei 5



10. Kor liten kan ein barnehage (tal på plassar, barn under 3 år tel dobbelt. Altså kan 6 plassar vera 3 barn) vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Leikemiljø, Kompetanse, Leiing, Anna

[Flere detaljer](#)

- 6 19
- 12 15
- 18 6
- 24 0
- 30 + 0



11. Kor liten kan ein skule vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Læringsmiljø, Kompetanse, Leiing , Anna

[Flere detaljer](#)

- 13 (12 gir udeilt skule) 18
- 20 19
- 30 3
- 50 0
- 70+ 0

